

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gulen

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Dalsøyra

(adresse): Dalsøyra

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskriv i etter Jon Kjellebold, gardbr. og postopnar. 86 år.
Dalsøyra

SVAR

1. Juletreet er vanleg i heile bygda no, og finst i alle hus der det er born i vissa.
2. Fyrste gong jultre vart brukt her i bygda, var på ein julefest for born, som lærar Årø skipa til den tid han var lærar her. Det er omlag 75 år sidan. Lærar Årø var ein uvanleg framtøk og dugande lærar. Han øvde mellom anna inn trestemmige songar med skuleborna, og det var eit sersyn i dentida. Han var det og som kom med juletreskikken hit til bygda. Lærar Årø var frå Sunnfjord.
3. Juletreet kom i bruk på barnefestane på skulen før det kom i bruk i heimane. Det gjekk ei god tid før heimane tok etter den nye skikken, og i kyrkja har det ikkje vori juletre før i den seinare tida.
4. Før i tida var det ukjent å pynta ut stova i jula. Det einaste var at ein støydde hakka einer på golvet. Dei aller siste åra er skikken komen i bruk. Ein pyntar ljoskrune, bordog ljosestakar med krist-torngreiner, mose, eller gran og furekvister o. l.
5. Slik pynting vert no gjort sjølv om ein har juletre, men det er ikkje i alle heimar det vert gjort.
6. Kor stort juletreet er, kjem mest an på stova det skal stå. Omkring 2 meter høgt er vel det mest vanlege, men det kan vera både større og mindre.
7. Juletreet er pynta med vanleg julepynt no for tida: små og store kuler, glitter, "snø" og korgar lenker av glanspapir, stjerner og ljøs. Før i tida var det ofte epler og pærer, kakemennar og kakekjerringar og andre figurar frå julebakinga som hekk på treet. Mykje av pynten var heimelaga. Ofte var ljosa det og.
8. Det er oftast borna som pyntar juletreet.
9. Treet stend fritt på ein kross eller eit anna fotstykke, midt på golvet oftast. Når julaften er over, vert det elles ofte flytt bort i ei krå, så det ikkje skal vera for mykje i veggen.
- 10 Ljosa vert jamnast kveikt fleire gonger, såleis helgedagskveldane mellom jul og nyår, og nyårsaftan.
11. Ja det er vanleg skikk at ein går rundt treet og syng dei vanlege julesongane: Glade jul. Eit barn er født, Eg er så glad kvar julekveld. Å jul med di glede, Fager er den himmel blå, Fager er jordi, No koma Guds englar, og mange andre.

12. Juletreet plar jamt stå inne til over Heilag-tri-kongarsaftan, og ofte enno lenger. Ofte vert det ikkje kasta ut før nålene tek til å drysja.
13. Borna får jamnast hausta treet når det vert kasta ut. Ein seier å "høsta" - ikkje plyndra.
14. Til juletre var det i fyrste tida mest nytta fure, for gran fanst ikkje her før dei tok til å planta skog. No vert det mest berre nytta gran frå plantefelta kring i bygda.
15. Å "laga juletre" er heilt ukjent her i bygda.
16. Ein sette ikkje opp noko tre utanfor husa om julekvelden. Juleneket vert hengt opp på ei stong og vert oftast sett opp i nærleiken av låvebrua.

1. Det var vanleg skikk å ha halm på stovegolvet om julaftan, heilt til forteljaren var vaksen kar.
2. Halmen som vart brukt til dette var ikkje bunta i vondlar, men vart boren inn laus.
3. Halmen vart lagt langs den eine veggen.
4. Born og ungdom låg i denne halmen i julehelga, så halmen vart liggjande inne i fleire dagar. Kvifor dei skulle liggja der, kan ikkje forteljaren seia. Truer eller skikkar elles som knyter seg til julehalmen, kjenner han heller ikkje til.

4884